

Grunnlagsdokument

Vidareføring av satsinga *Vurdering for læring* 2014 - 2017

Grunnlagsdokumentet er revidert våren 2014 i samband med vidareføringa av satsinga på Vurdering for læring og oppstart av pulje 5.

1. Innleiing

Dette dokumentet beskriv kva for felles prinsipp og føringar som gjeld for deltakarar i den nasjonale satsinga *Vurdering for læring*, og det avklarar roller og ansvar hos dei ulike aktørane. Formålet med dokumentet er å medverke til ei felles forståing og å gje støtte til skoleeigarar og skolar når dei skal planleggje, gjennomføre og vidareføre arbeidet med eigen vurderingspraksis. Det er stor fridom til å utforme og gje innhald til satsinga på lokalt nivå ut frå dei felles føringane som er beskrivne i dette dokumentet.

Invitasjonsbrev til fylkesmannsembeta for kvar pulje i satsinga byggjer på dette grunnlagsdokumentet.

Bakgrunn for satsinga

Internasjonale studiar viser at vurdering for læring er ein av dei mest effektive måtane å styrkje elevane sitt utbytte av opplæringa på og deira moglegheiter til å lære. Vurdering for læring kan vi forstå som ein måte å tenkje og handle på, som hele tida har elevane si læring som mål. Vurdering for læring handlar altså ikkje om spesielle teknikkar eller eit sett prosedyrar, og heller ikkje om skjema eller skriftleggjering, men om lærings- og vurderingskulturen på skolen.

Forsking har peikt på behovet for å vidareutvikle vurderingspraksisen i grunnopplæringa. TALIS-undersøkinga i 2008¹ og den norske oppfølgingsrapporten i 2009² viser for eksempel at mange norske lærarar i mindre grad enn lærarar i dei fleste andre deltakarlanda verken set mål eller følgjer opp elevane sitt læringsarbeid på ein systematisk måte.

OECDs rapport om evaluering og vurdering³ gjev tilrådingar om Noregs vidare arbeid med individuell vurdering. Dei tilrår mellom anna at Noreg bør halde fram arbeidet med å gjere vurdering for læring til ein meir integrert del av den daglege undervisninga. Her bør vi spesielt rette merksemda mot fagleg relevante tilbakemeldingar og elevinvolvering.

Resultata frå Elevundersøkinga 2013 støttar OECDs tilrådingar. Dei viser mellom anna at for få elevar opplever å få tilbakemeldingar som hjelper dei vidare i læringsarbeidet, og at for få elevar blir involverte i vurderingsarbeidet ved mellom anna å få vurdere eige arbeid.

I Meld. St. 20 (2012-2013) skriv Kunnskapsdepartementet at dei ønskjer «... å vidareføre en nasjonal satsing for å øke lærernes og instruktørens vurderingskompetanse og styrke sammenhengen mellom undervis- og sluttvurdering.»⁴ I oppdragsbrev 33/13 ber departementet direktoratet om å setje i verk vidaresatsinga. Direktoratet har derfor utvikla ein tiltakspakke der vidareføringa av *Vurdering for læring*, som dette grunnlagsdokumentet gjeld for, er eit av fleire tiltak.

Formålet med opplæringa

Skolens formålsparagraf (opplæringslova § 1-1) er retningsgjevande for arbeidet med *vurdering for læring*.

I formålsparagrafen står det at skolen skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og gje dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Elevane skal få utvikle kunnskap, ferdigheiter og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i aktivt i

¹ Teaching and Learning International Survey (TALIS) (2008): Resultat frå OECDs internasjonale studie av undervisning og læring.

² Vibe, N, Aamodt, P.O., Carlsten, T.C. (2009): Å være ungdomsskolelærer i Norge. Resultat frå OECDs internasjonale studie av undervisning og læring.

³ Deborah Nusche, Lorna Earl, William Maxwell and Claire Shewbridge (2011): OECDs reviews on Evaluation and Assessment in Education – Norway.

⁴ Meld. St. 20 (2012-2013), kap 4.2.2

samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng. I tillegg skal dei lære å tenkje kritisk, ha medansvar og rett til medverknad.

Formålsparagrafen får mykje å seie for korleis vi innrettar opplæringa, og også for kva slags vurderingspraksis elevane skal møte. Vurderingsarbeidet må byggje opp under lærelyst og motivasjon hos elevane, og syte for at det opnar for skaparglede, engasjement og utforskartrøng. Ein slik praksis kan berre vise seg i læringsmiljø prega av tillit, gjensidig respekt og tydelege forventningar, og i eit klima der det er trygt å prøve og feile.

Eit viktig aspekt ved vurdering for læring er medverknad frå eleven. Gjennom eigenvurdering og involvering i vurderingsarbeidet blir dei trena i å utvikle bevisstheit om eigne læringsprosessar, noko som er nødvendig for å kunne utvikle sjølvregulert læring.

Elevane si læring er utgangspunktet

Satsinga *Vurdering for læring* tek utgangspunkt i omgrepet *undervegsvurdering* slik det er definert i forskrift til opplæringslova.⁵ Undervegsvurdering skal brukast som reiskap for læring, som grunnlag for tilpassa opplæring og skal medverke til at eleven forbetrar kompetansen sin i fag. For å understreke at undervegsvurdering har læring som mål, blir omgrepet *vurdering for læring* brukt i denne satsinga.

Vurdering for læring handlar om at informasjonen om kompetansen og utviklinga til elevane gjev retning for planlegging og gjennomføring av opplæringa. Dette krev at lærarar systematisk innhentar, analyserer og bruker vurderingsinformasjon om elevane med det formål å sjå

- kvar dei er i læringa
- kvar dei skal
- korleis dei best kan nå måla sine

Informasjonen om punkta over må kommuniserast til og brukast av dei elevane det gjeld, slik at dei får innsikt i eige læringsarbeid og moglegheit til å forbetre seg. Elevinvolvering er heilt sentralt i arbeidet med vurdering for læring.

Målsetjing

Den overordna målsetjinga er at skoleeigarar og skolar vidareutviklar ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har læring som mål. Det skal skje gjennom auka kompetanse og auka forståing for vurdering som reiskap for læring.

Satsinga skal styrkje skoleeigarane sin kapasitet til å drive kompetanseutvikling lokalt ved at dei etablerer strukturar og måtar å jobbe på undervogs i deltakarperioden. Det er meininga at denne måten å drive utviklingsarbeid på held fram i kommunane og på skolane etter at deltakarperioden i den nasjonale satsinga er over.

Målgrupper

Målgruppa er offentlege skoleeigarar med eit utval skolar. Private skolar blir òg inviterte til å delta. Satsinga involverer lærarar, elevar, skoleleiarar og skoleeigarar. Tidlegare puljar har omfatta lærebedrifter, instruktørar og læringar. Arbeidet går føre seg i samarbeid med ressurspersonar hos skoleeigaren, Fylkesmannen, Utdanningsdirektoratet og fagmiljøa.

2. Dimensjonering og midlar

Vidareføring av satsinga skjer i perioden 2014-2017, og ho skal gjennomførast med fire puljar. Pulje 5 startar vår/sommar 2014, og pulje 6 har oppstart ved årsskiftet 2014/2015. Pulje 7 og eventuelt 8 følgjer syklusen til pulje 6. Deltakarperioden for kvar pulje er utvida frå tidlegare og strekkjer seg no over to år. Som hovudregel skal kvar kommune delta med minst tre skolar. Så langt det lèt seg gjere, og dersom det er formålstenleg, bør både barnetrinn og ungdomstrinn vere representerte i utvalet av skolar i kommunen. Private skolar er sjølvstendige juridiske einingar og deltek med sin skole.

⁵ § 3-11 i [forskrift til opplæringslova](#) omtaler undervegsvurdering.

Utdanningsdirektoratet tildeler midlar til skoleeigaren via Fylkesmannen. Skoleeigaren disponerer midlane ut frå bestemte kriterium. Kriteria for bruk av midlane går fram i invitasjonsbrevet til deltakarane i kvar pulje. Det er ein føresetnad at skoleeigarar som deltek, bidreg med eigenfinansiering. Direktoratet gjev nærmare føringar for rapportering om bruk av midlar i fullmaktsbrevet til fylkesmannsembeta.

3. Felles føringar for innhald

Vidaresatsinga handlar om meir enn berre undervegsvurdering

Arbeidet skal ta utgangspunkt i dei fire prinsippa for god undervegsvurdering som står i forskrift til opplæringslova:

Elevar og lærlingar lærer best når dei

- forstår kva dei skal lære, og kva som er forventna av dei
- får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- får råd om korleis dei kan forbetre seg
- er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og utvikling

Stortingsmelding 20 (2012-2013) framhevar at den vidare satsinga skal styrkje og tydeleggjere samanhengen mellom undervegs- og sluttvurdering, inkludert bruk av prøver og resultat som grunnlag for vidare læring. Det vil seie at satsinga er eit kompetansetilak som omfattar meir enn berre undervegsvurdering.

Lokalt arbeid med læreplanar skal leggje til rette for elevane si læring og utvikling, og eit godt leidd utviklingsarbeid vil også medverke til kompetanseutvikling blant personalet. Lokalt arbeid med læreplanar og eit godt læringsmiljø er ein føresetnad for å utvikle ein god vurderingspraksis, og begge tema vil derfor ha ein sentral plass på samlingane.

Praktisere vurdering for læring i klasserommet

Satsinga skal vere praksisnær. Det vil seie at deltakarane i satsinga skal arbeide med å gjere prinsippa for undervegsvurdering til ein integrert del av eigen praksis. Deltakarane bør komme raskt i gang med å prøve ut dei fire prinsippa med elevane. Det er avgjerande at deltakarane har arenaer for å vurdere og reflektere over korleis eigen praksis best mogleg kan medverke til å hjelpe elevar vidare i læringsprosessen.

Forskinga legg vekt på kor mykje samspelet mellom lærar-elev-vurdering har å seie som eit integrert element i opplæringa for å styrkje dei faglege prestasjonane til elevane.⁶ Dette må ikkje innebere at elevane stadig skal utsetjast for vurderingssituasjonar som dei kan oppleve som tyngjande og demotiverande. Det handlar derimot om ein måte å tenkje og jobbe på slik at læraren heile tida er merksam på kva som medverkar til læring hos elevane. Læraren former og justerer undervisninga si slik at alle elevane opplever meistring og motivasjon.

Elevane sitt læringsbehov får konsekvensar for opplæringa

Læraren får informasjon om elevane si læring gjennom vurderingssituasjonar eller observasjonar og gjennom dialog med elevane. Det er ein grunnleggjande idé innafor vurdering for læring at denne informasjonen blir brukt for å justere opplæringa slik at elevar skal lære betre (*to adjust teaching to meet student needs*).⁷ Dette involverer både lærar og elev. Lærarane må sjå vurderinga som ein del av opplæringa og planleggje korleis elevane skal involverast i vurderingsarbeidet. Dei må ha klart for seg korleis dei skal kunne følgje med på læring og utvikling hos den enkelte. Arbeid med dei fire prinsippa har mellom anna som mål å tydeleggjere innhaldet i opplæringa for dei som skal lære. Elevane si læring og utvikling skal få konsekvensar for opplæringa. Det er altså læringsbehova til elevane som legg premissar for planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa.

⁶ Black, P.J. & D. William (1998): Assessment and classroom learning. *Assessment in Education* 5 (1)7-77 og Hattie, J. & Timperley (2007): The power of feedback. I: *Review of Educational Research* 77, 1. 88-118.

⁷ OECD, Policy Brief (2005): *Formative Assessment: Improving Learning in Secondary Classrooms*.

4. Felles føringar for arbeidsform og struktur

Erfaringar frå Noreg og andre land tilseier at endring og vidareutvikling av vurderingspraksis og vurderingskultur er komplekse prosessar som krev eit målretta og læringsorientert fokus over tid.⁸ Ei rad studiar viser at ei veksling mellom arbeid på eigen skole og arbeid i nettverk, der lærarar får reflektert over og delt erfaringar frå eigen praksis, er ei formålstenleg arbeidsform for å utvikle lærarane sin kompetanse og praksis.⁹ Satsinga *Vurdering for læring* blir derfor organisert som *lærande nettverk*, der nettverksarbeidet skal medverke til å vidareutvikle vurderingspraksisen på den enkelte skolen.

Utviklingsarbeid på skolar

Det er avgjerande at skoleeigarar og skoleleiarar reflekterer over og tek stilling til korleis dei vil organisere kompetanseutvikling i vurdering. Eksempel på spørsmål som det er viktig for skoleeigaren og leiinga å vurdere, er korleis heile personalet kan involverast, korleis dei skal få tid til erfaringsutveksling og samarbeid (mellom anna bruk av felles tid), og korleis praksisendringar kan vidareførast på lengre sikt.

Ei erfaring frå *Kunnskapsløftet - frå ord til handling* er at vurdering og analyse av eigen ståstad gjer det meir sannsynleg at tiltaka fører til målet. Derfor er det viktig at skolar og skoleeigarar har tilgang på god informasjon og kunnskap om eigen vurderingspraksis før dei startar arbeidet. For eksempel kan resultat frå Elevundersøkinga lokalt, og bruk av ulike refleksjons- eller kartleggingsverktøy, gje eit bilete av vurderingspraksis på skolane. I tillegg til å analysere eigen praksis og ståstad på skolane er det avgjerande

- å utvikle felles forståing og eigarskap til mål og forventningar
- å la utviklingsarbeidet ta utgangspunkt i dagleg vurderings- og opplæringspraksis
- å sikre at lærarane har arenaer for å utvikle eigen vurderingskompetanse, der dei deler og reflekterer over erfaringar, teori og eksempel frå eigen praksis, og der dei vurderer korleis erfaringar frå dei som deltek i "lærande nettverk" med andre skolar, skal få innverknad på utviklingsarbeidet på den enkelte skolen

Lærande nettverk

Nettverk som arbeidsform handlar om å etablere strukturar og arbeidsformer lokalt som medverkar til å endre praksis. For å understreke at formålet er læring og varig endring av praksis, bruker vi omgrepet "lærande nettverk". Det viktigaste er ikkje nettverksstrukturane i seg sjølve, men måten dei jobbar på i nettverka. Nettverka skal vere arenaer for fagleg utvikling, erfaringsutveksling og refleksjon. Arbeidet skal ta utgangspunkt i konkrete praksiseksempel som blir støtta opp med teori og forskning.

Det er opna for ulik organisering av lokale og eventuelle regionale nettverk, men det er eit krav å leggje til rette for møteplassar på tvers av skolar. Det er òg ein fordel at personar som jobbar på ulike nivå, samarbeider eller deltek i felles nettverk. Fleire skoleeigarar frå satsingsperioden 2010-2014 har mellom anna hatt gode erfaringar med egne nettverk for skoleleiarar. Det kan vere formålstenleg å bruke eksisterande strukturar for kommunale/fylkesvise og eventuelt regionale nettverk.

Tidlegare erfaringar med lærande nettverk tilseier at det er avgjerande å

- avklare forventningar, rollefordeling og avgrensingar av samarbeidet
- utvikle felles forståing av kva vurdering for læring er, og formålet med arbeidet i nettverket
- knyte arbeidet i nettverka tydeleg til utviklingsprosessen på den enkelte skolen, og her har både skoleeigaren og skoleleiararen eit ansvar
- ha ein gjennomtenkt og planlagt struktur for samlingar/nettverksmøte med eit

⁸ Sjå f.eks. OECD 2013 *Governing Complex Education Systems*, Utdanningsdirektoratet 2009: Brev til Kunnskapsdepartementet. Utdanningsdirektoratets anbefalinger om tiltak knyttet til vurdering, Hutchinson, C., Hayward, L. (2005): *The journey so far: Assessment for learning in Scotland*.

⁹ Katz, S., Earl, L.M., og Ben Jafaar, S. (2009): *Building and Connecting Learning Communities. The Power of Networks for School Improvement*, Elwood, J. og Klenowski, V. (2006): *Creating Communities of Shared Practice: The challenges of assessment use in learning and teaching*.

førehandsdefinert innhald og med ei forpliktande og gjensidig deltaking, det vil seie at alle deltakarane stiller førebudde og medverkar med erfaringar frå praksis på samlingar/nettverksmøte

- ha jamlege samlingar med krav om arbeid/utprøving i klasserommet mellom samlingar/nettverksmøte
- leggje vekt på erfaringsdeling og refleksjon over eigen praksis
- utvikle ein kultur i nettverket for å lære av kvarandre og for å reflektere over eigen og andre sin praksis
- utvikle ein kultur for å stille spørsmål ved eksisterande praksis, forklaringar og løysingsforslag, der faglig usemje og diskusjon blir oppfatta som ei konstruktiv kraft i samarbeidet
- ha respekt og interesse for andre sin profesjonalitet og faglege synspunkt, og utvikle ein konstruktiv tilbakemeldingskultur
- ha faglege innlegg og litteratur som utfordrar eigen praksis og medverkar til kompetanseutvikling
- innhente ekstern kompetanse ved behov

5. Roller og ansvar

I forskrift til opplæringslova § 2-1 om verksemdsbasert vurdering står det at "skolen (...) skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene".

Utdanningsdirektoratet, Fylkesmannen, skoleeigarar, skoleleiarar og lærarar vil ha ulike roller og ansvar i løpet av satsingsperioden. I alle puljane gjeld:

- *Utdanningsdirektoratet* legg føringar for innhald og organisering av satsinga, tildeler midlar og utviklar og bruker forskning, dokumentasjon og erfaringar frå satsinga i det vidare arbeidet med kunnskapsspreiing og policyutforming. Direktoratet har òg ansvar for eit felles fagleg opplegg for ressurspersonar frå skoleeigarane.
- *Fylkesmannsembeta* vel ut deltakarar i satsinga, tildeler midlar og har oppfølgingsoppgåver overfor skoleeigarane.
- *Skoleeigarane* har det overordna ansvaret for planlegging, gjennomføring og oppfølging av satsinga lokalt. Dette inneber at skoleeigaren gjer både faglege og organisatoriske vurderingar, spør etter og følgjer opp informasjon om vurderingskultur og vurderingspraksis på skolane og legg til rette for erfaringsspreiing og kompetanseutvikling. Oppgåver for skoleeigarane er:
 - Skoleeigaren etablerer lokale og eventuelt regionale nettverk og syter for framdrift i utviklingsarbeidet hos skoleeigaren og på skolane.
 - Skoleeigaren vel ut ein eller fleire ressurspersonar som skal drive utviklingsarbeidet lokalt, både når det gjeld innhald og organisering. Eksempel på oppgåver for ressurspersonane kan vere
 - o å utarbeide planar, organisere og leie nettverkssamlingar
 - o å følgje opp involverte skolar
 - Skoleeigaren forpliktar seg til at ressurspersonane deltek og medverkar på samlingar i regi av Utdanningsdirektoratet. Ved val av ressursperson bør skoleeigaren ta omsyn til at personane har relevant kompetanse, og at dei kan fungere som ressurs i arbeidet med vurdering for læring i kommunen, også etter at deltakinga i den nasjonale satsinga er avslutta.
 - Skoleeigaren rapporterer til Fylkesmannen om erfaringar og skolane si utvikling og om bruken av midlar.
- *Skoleeigaren og skolane* utarbeider forpliktande planar for eit fagleg og organisatorisk kompetanseutviklingsopplegg for deltaking i satsinga.
- *Skoleleiarane* har det faglege og organisatoriske ansvaret for framdrift i utviklingsarbeidet ved eigen skole, og spør etter og følgjer opp informasjon om

korleis skolens vurderingskultur og vurderingspraksis utviklar seg. Skoleleiinga legg til rette for tolkingsfellesskap på eigen skole og syter for at det blir tid til felles utviklingsarbeid og erfaringsutveksling for lærarar.

- *Lærarane* arbeider med dei fire prinsippa for god undervegsvurdering på ein måte som er i samsvar med vurdering for læring, slik det er gjort greie for i dette dokumentet. Lærarane deltek aktivt i nettverk og andre tiltak for erfaringsutveksling og kompetanseutvikling i vurdering. Dei medverkar til å utvikle tolkingsfellesskapet på sin eigen skole.

Kva for oppgåver og ansvarsområde dei involverte har, er det gjort nærmare greie for i invitasjonsbrevet til deltakarane i kvar pulje.

6. Spreiing av erfaringar og vidareføring av arbeidet

Ein viktig del av satsinga er å leggje til rette for erfaringsutveksling og erfaringsspreiing mellom skolar og kommunar, også etter at deltakinga i den nasjonale satsinga er avslutta. Dette må ein sjå i samheng med det ansvaret skoleeigaren har for å sikre ein praksis som er i tråd med krava til undervegsvurdering i forskrift til opplæringslova. Forsking og erfaring frå skoleutviklingsprosjekt tilseier at det er ein kritisk fase idet ein satsingsperiode eller eit prosjekt er avslutta, og nye måtar å jobbe på skal vidareførast.¹⁰

Derfor er det eit krav at skoleeigaren sin plan for satsinga skal beskrive korleis arbeidet med å vidareutvikle praksis skal gjennomførast etter at deltakinga i den nasjonale satsinga er fasa ut. I tillegg skal skoleeigaren også ha ein plan for korleis erfaringane skal komme alle skolar i kommunen til gode, f.eks. kva for rolle ressurspersonen og dei involverte skal ha i vidareføringa av arbeidet.

Meir informasjon om satsinga og erfaringar frå dei tidlegare puljane finst på www.udir.no/vurdering-for-laring

7. utfordringar og føresetnader for å lykkast

Det er tidkrevjande å jobbe med å vidareutvikle vurderingskulturen og vurderingspraksisen. Forskarar som har følgd liknande prosessar, mellom anna i Storbritannia, seier at det tek mellom eitt og to år før deltakarane opplever at dei praktiserer vurdering for læring på ein god måte.¹¹ Ein del skolar i prosjektet Betre vurderingspraksis rapporterte at sjølv om arbeidet med eigen vurderingspraksis kunne vere frustrerande og krevjande, opplevde dei arbeidet som motiverande og viktig fordi det angjekk skolens kjerneverkssemde.

Vi har etter kvart mykje kunnskap om utfordringar knytte til å drive utviklingsprosessar meir generelt, både for skoleeigarar og skolar. Eksempel på utfordringar er å skape felles forståing, motivasjon og eigarskap hos involverte på skoleeigarnivå, leiarnivå og i personalet. I tillegg er det utfordrande å involvere breitt i personalet og å skape endringar som får innverknad over tid.

Involvering og refleksjon rundt læringsarbeidet og måla for opplæringa er viktig for å trene elevane i å styre eigne læringsprosessar, også i eit livslangt læringsperspektiv. Det kan likevel opplevast uvant både for dei sjølv og for lærarane når elevane får ei ny og meir aktiv rolle i vurderingsarbeidet.

Ei vanleg utfordring i arbeidet med vurdering er å flytte fokus frå læringsaktivitetane og det elevane skal *gjere*, til ei opplæring som har fokus på kva dei skal *lære*. Vidare kan det vere utfordrande å gi elevane vurderingar som ikkje berre handlar om kva dei har lært, og kva dei kan, men som òg peiker framover mot det vidare arbeidet. Det kan òg vere krevjande å få elevane trygge på at dei får tilbakemeldingar og karakterar for å fremje læring, og ikkje som ein endeleg "dom" eller for å disiplinere. Å jobbe systematisk med prinsippet om å

¹⁰ Sjå f.eks. Gardner, J., Harlen, W., Hayward, L., Stobart, G., Montgomery, M. (2010): Developing Teacher Assessment.

¹¹ Carolyn Hutchinson, Louise Hayward (2005): "The journey so far: assessment for learning in Scotland"

endre/justere eiga undervisning dersom ho ikkje fører til ønskt læring, kan òg opplevast som uvant og krevjande i byrjinga.

Vi har her trekt fram nokre viktige forhold som skoleeigarar og skolar bør ta omsyn til i arbeidet i satsinga.

Eit trygt og tillitsfullt læringsmiljø

Eit trygt og tillitsfullt læringsmiljø er ein viktig føresetnad for å skape ein vurderingskultur der læring står i sentrum. Fleire studiar om læring rapporterer at det er kvaliteten på lærarane sin praksis som er mest avgjerande for gode resultat i klasserommet.¹² Lærarane si evne til å skape eit tillitsfullt læringsmiljø med fokus på læringsbehov, samarbeidet med elevane og elevane si eigenvurdering står øvst på lista til forskarane over faktorar som medverkar mest til betre læringsresultat hos elevane.

Det er altså avgjerande *korleis* læraren praktiserer prinsippa for god vurdering. Derfor skal lærarar vere spesielt merksame på å skape eit tillitsfullt læringsmiljø. Det vil seie eit læringsmiljø som rettar merksemda mot elevane sitt læringsbehov og mot måloppnåing for alle. Det skal vere rom for å prøve og feile, og det skal opplevast trygt å fortelje kva ein treng å lære betre.

Den nasjonale satsinga *Betre Læringsmiljø* (BLM) framhevar at eit godt og trygt læringsmiljø er ein rett for elevane og ein føresetnad for læring. Betre læringsmiljø omfattar god klasseleiing. Vurdering for læring byggjer på kunnskapen og hovudpunkta i BLM. Ressursar og meir informasjon om god klasseleiing og godt læringsmiljø finst på <http://www.udir.no/Laringsmiljo/Bedre-laringsmiljo/>.

Eit trygt og tillitsfullt læringsmiljø er òg viktig for dei som skal gjennomføre opplæringa. Lærarar må oppleve at det er lov å prøve og feile når dei utviklar arbeidet med vurdering for læring. Tilbakemeldingar, kollegarettleing og erfaringsdeling er viktige element for å skape ein kultur for vurdering der læring står i sentrum.

Tilbakemelding og oppfølging på alle nivå

Forskning om skoleutvikling peiker på at så vel rekrutteringa av skoleeigarar og skolar som korleis dei involverer seg undervegs, er viktig for utviklinga og eigarskapen i utviklingsarbeidet, og dermed for resultatet. Aktiv medverknad, tilbakemelding og oppfølging på og mellom alle nivåa er derfor sentrale prinsipp for alle involverte i satsinga. Skoleeigaren sitt ansvar for å vurdere kvalitet og måloppnåing og for å følgje opp desse vurderingane står i opplæringslova § 13.10.

TALIS-undersøkelsa¹³ og OECDs rapport om evaluering og vurdering¹⁴ konkluderer med at ein svakt utvikla oppfølgingskultur er ei særleg utfordring på alle nivå i norsk skole, dvs. korleis lærarane, skoleleiarane og skoleeigarnivået følgjer opp og gjev tilbakemelding på utvikling og prestasjonar hos elevane og tilsette.

Tilbakemeldingar rører ved to av prinsippa for undervegsvurdering og er forskriftsfesta. Skoleleiarar og lærarar bør òg få tilbakemeldingar frå sine leiarar og kollegaer på korleis dei jobbar med vurdering.

¹² Hattie, J. (2009): Visible learning. A synthesis of over 800 meta-analyses relating to achievement, Nordenbo, S. E. m. fl. (2008): Lærerkompetanser og elevane læring i førskole og skole. Ein systematisk review utført for Kunnskapsdepartementet.

¹³ Teaching and Learning International Survey (TALIS): Resultat frå OECDs internasjonale studie av undervisning og læring (2008) og Vibe, N, Aamodt, P.O., Carlsen, T.C. (2009): Å være ungdomsskolelærer i Norge. Resultat frå OECDs internasjonale studie av undervisning og læring.

¹⁴ Same referanse som fotnote nr. 8

8. Nettressursar

På nettsida www.udir.no/vfl finst det informasjon og materiell om vurdering for læring. Refleksjonsspørsmål, verktøy og filmar som viser eksempel på korleis dei fire prinsippa kan praktiserast i klasserommet, er noko av det som finst på sidene. I tillegg er sluttrapportane frå tidlegare puljar tilgjengelege på sidene saman med forskingsrapportar og faglitteratur om vurdering.

Ståstadsanalysen og andre refleksjons- og kartleggingsverktøy finn du på <http://skoleporten.udir.no/>

Rundskriv om individuell vurdering finn du på:
<http://www.udir.no/Regelverk/Rundskriv/20101/Udir-1-2010-Individuell-vurdering-i-grunnskolen-og-videregaende-opplaring/>

Brosjyrar for lærarar om viktige reglar om vurdering i grunnopplæringa finn du på:
<http://www.udir.no/Vurdering/Vurdering-for-laring/Vurdering--no-gjeld-det/>